

Til kommunane m.fl.



FYLKESMANNEN I  
MØRE OG ROMSDAL



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		4215/2015/	Ann Helene Skare, 71258275	22.01.2015

## Invitasjon til konferansen robust oppvekst for barn og unge i Møre og Romsdal 15. og 16. april 2015 i Molde, Scandic Seilet hotell

Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal fylkeskommune inviterer med dette til konferanse om psykisk helse for barn og unge. Konferansen har tittelen: Robust oppvekst for barn og unge i Møre og Romsdal, og skal vere på Scandic Seilet Hotell i Molde i dagane 15. og 16. april 2015.

Gode oppvekstvilkår og trivsel i barnehage, grunnskole og vidaregåande skole er eit grunnlag for god psykisk helse seinare i livet. Det kan førebygge psykiske lidningar, og er med på å prege helsa resten av livet. Barnehage og skole når dei aller fleste barn på tvers av sosiale skiljelinjer, og er derfor sentrale arenaer i arbeidet med å utvikle haldningar og utjamne sosiale skilnader i levevanar og helse.

På denne konferansen vil vi synleggjere helsefremjande faktorar og vi vil ha ei tverrfagleg tilnærming til arbeidet med å gi barn og unge ein god oppvekst. Hovudinnleiar på konferansen er professor Arne Holte. Han har lang erfaring frå arbeid med psykisk helse. Holte har ved fleire høve peika på at vi etter «Opptrappingsplanen for psykisk helse» må gi høgare prioritet til førebygging av dei lidningar som angår dei fleste. Desse er svært kostnadskrevjande for samfunnet; spesielt depresjon, angst og rusmisbruk.

Konferansen ønskjer å fremje eit tverrfagleg samarbeid kring barnehage, skole og helse. Siste del av dag 2 er derfor spesielt tilrettelagt som eigne parallellsesjonar for ulike grupper.

Program for begge dagane følgjer vedlagt.

Målgruppe for konferansen:

Kommunalt og fylkeskommunalt tilsette som arbeider med barnehage, grunnskole og vidaregåande skole. Rådgivarar i grunnskole og vidaregåande skole, OT-rådgivarar, opplæringskontor, PPT, NAV, helsesøstre, folkehelsekoordinatorer, rektorar, avdelingsleiarar, kontaktlærarar, tilsette i barnehage og barneskole. Alle som er interessert i barn og unge si psykiske helse er invitert. Vidare er konferansen også open for frivillige organisasjonar.

Frist for bindane påmelding er sett til **15. mars 2015**. Du kan melde deg på via denne linken: <http://fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/Kurs-og-konferansekalender/Robust-oppvekst-for-barn-og-unge-i-More-og-Romsdal/>

Konferansen blir finansiert av fylkesmannen i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal fylkeskommune. Det gjeld også overnatting. Eigenandel er kr 1.000 pr person uansett kor stor del av konferansen dei deltek på. Eigenandel blir fakturert i etterkant av konferansen.

<b>God helse i Møre og Romsdal</b>	<b>Adresse: Kulturavdelinga, Fylkeshuset 6404 Molde</b>
<b>Tlf 71258275/ 95889423</b>	

Dei som har meldt seg på samlinga, men ikkje møter, blir fakturert for kursavgifta.

Velkommen til spanande dagar med barn og unge sin psykiske helse i fokus!

Med helsing

Alv Walgermo  
utdanningsdirektør

Sverre Hollen  
fylkesutdanningssjef

Christian Bjelke  
fylkeslege, direktør

Heidi-Iren Wedlog Olsen  
fylkeskultursjef